



Statens vegvesen

SIGITAS BAKUTIS
RYLAND 71
5917 ROSSLAND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/76889-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.04.2019

Tilbakemelding – Søknad om støyskjerm – Fv. 57 – Isdal 26 – Isdalstø – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 09.04.2019.

Du skriv at du ynskjer å oppføre lydvegg med meir på eigedomen gnr. 185 bnr. 19 i Lindås kommune. Bakgrunnen for dette er at eigedomen din er utsett for støy, støv og sot frå fylkesvegen. Du stiller og spørsmål om løyve til å reparere tak, samt oppføre garasje og veranda. Heile eigedomen din ligg innanfor byggjegrensa til veg.

Støy:

Statens vegvesen følgjer to regelverk når det gjeld støy frå vegtrafikk. Det eine er forureiningslova si forskrift kap. 5 om støy. Denne gjeld for bustader langs eksisterande veg. Det andre regelverket er *T-1442/2017 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*. Dette er ikkje eit rettsleg bindande regelverk, men ei retningsline som vegvesenet følgjer ved bygging av nye vegprosjekt. Førstnemnde stiller berre krav til innandørs støy, medan sistnemnde tek for seg både innandørs og utandørs støy.

Vi vurderer at eigedomen din ikkje har krav på støyskjerming etter forureiningsforskrifta slik forholda er i dag. Dersom det på sikt vert ein vesentleg forverring av støyforholda, kan saka vurderast på ny. Vi vil samstundes gjere merksam på at det er under planlegging ny trase for E39 / fv. 57. Prosjektet er i tidleg planfase og det er ikkje avgjort kor ny korridor kjem.

Støytiltak for eigen kostnad:

Vi har forståing for plagar som kjem av vegtrafikkstøy for bustader og eigedomar langs fylkesvegar, og det er mange som kontaktar oss med spørsmål om støyreducerande tiltak. Vi må likevel følgje likt regelverket når vi skal behandle støysaker, og må behandle sakene likt etter dette regelverket.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det er mogleg å søkje om å setje opp støyskjerm på eigen kostnad. Dersom tiltaket kjem innanfor byggjegrensa må det søkjast om dispensasjon for dette. Vi anbefaler å nytte akustisk konsulent ved oppføring av støyskjerm eller støymessig oppgradering av bygningsfasade for å sikre at resultatet vert tilfredsstillande. Vi vil allereie no gjere merksam på at langs denne strekninga er det praktisert ei streng haldning for nye tiltak innanfor byggjegrensa, også når det gjeld støyskjermer.

For meir informasjon om regelverk som gjeld støy:

<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusomrader/Miljo+og+omgivelser/Stoy>

Byggjegrense:

Vi vil først vise til at Lindås kommune har vedtatt eigne byggjegrenser langs fylkesvegen, jamfør punkt 1.6 i føresegnene til arealdel av kommuneplan. Det er difor Lindås kommune som skal handsame ein eventuell søknad om dispensasjon frå byggjegrensa. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde, når vi får tilsendt saka på uttale frå kommunen. Oppføring av garasje, veranda og støyskjerm vil vere søknadspliktig sidan eigedomen ligg innanfor byggjegrense langs veg.

Du spør om å få oppføre lydvegg langs fylkesvegen. Dersom du meiner støyskjerm vil det vere eit søknadspliktig tiltak, og vi vil ha ei streng haldning til dette. Dersom du ynskjer å lydisolere på bygningsfasade vil dette ikkje omfatte søknadsplikt etter veglova.

Garasje og veranda:

Du stiller fleire spørsmål som vi dessverre ikkje kan svare på før det føreligg ein konkret søknad som viser tydeleg plassering av tiltaka.

Vanleg vedlikehald som skifte av kledning og isolasjon vil normalt ikkje utløyse søknadsplikt.

Dersom du har spørsmål knytt til dette brevet kan du ta kontakt med saksbehandlar.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ